

Johnny Kjetil Håkull  
Lønningsåsen 44 B  
5417 STORD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/17362 - 20/70567

Saksbehandlar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.no

Dato:  
05.11.2020

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 126/64 Hope**

Tiltak: bustad  
Byggjestad: Gbnr: 126/64  
Tiltakshavar: Johnny Kjetil Håkull  
Ansvarleg søker: Odd Hansen AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.10.2020.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må leggjast fram dokumentasjon på at eigedommen har sikra tilkomst jf. plan- og bygningslova § 27-4. I søknaden er det opplyst at tilkomsten til eigedommen er via privat veg og over ubyggd areal på gbnr 126/1. I gjeldande kommunedelplan kjem det fram under punkt 6.7 at «*Det sal ikkje byggjast på dyrka eller dyrkbar mark [...].*» Om tiltaket kjem i konflikt med dyrkbar mark, må det eventuelt søkjast om dispensasjon frå dette punktet.
2. I gjeldande kommunedelplan kjem det fram under punkt 6.10 at «*[...] Der det ikkje er bygd garasje skal det vere sett av plass til framtidig garasje med eit areal på min 36. m<sup>2</sup> pr. bueining. Bilar må kunne snu på eige grunn.[...]*» Det er naudsynt med eit revidert situasjonskart som syner plassering av framtidig garasje.
3. Det må søkjast om utvida bruk av kommunal avkørsle for tiltaket. Sjå <https://www.alver.kommune.no/innhald/veg-vatn-avlop-og-boss/veg/> for meir informasjon.
4. Det er i søknaden opplyst at tiltaket skal koplast seg til offentleg vassverk og privat avlaupsanlegg. Det må sendast søknad om påkopling til Alver kommune og søknad

om utslepp. Sjå <https://www.alver.kommune.no/innhald/veg-vatn-avlop-og-boss/vatn-og-avlop/> for meir informasjon.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **14.01.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og bygesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Johnny Kjetil Håkull  
Odd Hansen AS

Lønnningsåsen 44 B  
Sundvegen 20

5417 STORD  
4250 KOPERVIK